



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Klingenberg Hotel, Årdalstangen

**Møtedato:** 22.02.2013

**Tid:** 09:30-14:45

A. Disse møtte

<b>Faste medlemmar</b>
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune (leiar)
Harald Offerdal, ordførar Balestrand kommune
Janne Dokken, formannskapsmedlem, Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Læg Reid, ordførar Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Steinar Sjøgaard, rådmann Aurland kommune
Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune
Jarle Skartun, rådmann Luster kommune
Alf Olsen, rådmann Lærdal kommune
Oddbjørn Ese, rådmann Vik kommune
Frank Westad, rådmann Årdal kommune
Karina Nerland, dagleg leiar

A. Innkalling godkjent utan merknader

B. Sakliste godkjent

C. Protokoll frå møte 7. desember 2012 og 25. januar 2013 godkjent utan merknader

D. Ordførar Arild Ingar Læg Reid ønskte velkomen

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
<b>4/13</b>	12/3880	<b>Organisering av vidaregåande opplæring - fagleg utgreiing</b>
<b>5/13</b>	12/3165	<b>Kombinert skule-, pendlar- og turistbåt for Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal - rapport</b>
<b>6/13</b>	12/2273	<b>Regional analyse Sogn</b>
<b>7/13</b>	13/266	<b>Orienteringssaker 22.2.2013</b>

**Sak 4/13**  
**Organisering av vidaregåande opplæring - fagleg utgreiing**

**Tilråding:**

Sogn regionråd sluttar seg til fråsegna om skulebruksplan for Sogn og Fjordane slik den ligg føre. Det kan vera aktuelt å gjera tilleggsvurderingar i samband med fylkesrådmannen si konsekvensutgreiing. Det vert sett av kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar til vidare arbeid i høyringsfasen.

**Handsaming**

Det kom framlegg om at rådet sender innspel til fylkesutvalet som oppsummerer hovudpunkta frå drøftingsnotatet. Det vil bli arbeidd vidare med drøftingsnotatet som grunnlag for fråsegna frå regionrådet til fylkeskommunen. Administrasjonen kom med framlegg om auka ramme med inntil kr 80 000 til vidare arbeid i høyringsfasen.

**Vedtak:**

Sogn regionråd sluttar seg til innspel til fylkesutvalet om organisering av vidaregåande opplæring slik det vart lagt fram i møtet, og arbeider vidare med framlegg til fråsegn innan høyringsfristen.

Det vert sett av inntil kr 80 000 av regionale utviklingsmidlar til vidare arbeid i høyringsfasen.

**Sak 5/13**  
**Kombinert skule-, pendlar- og turistbåt for Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal - rapport**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tek arbeidsdokument om båtruter mellom Aurland og Sogndal og Vik og Sogndal til vitande.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tek arbeidsdokument om båtruter mellom Aurland og Sogndal og Vik og Sogndal førebels til vitande. Aurland og Vik arbeidar vidare med saka. Buss skal vera med i vurderinga.

**Sak 6/13**  
**Regional analyse Sogn**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tek Regional analyse Sogn til vitande.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tek Regional analyse Sogn til vitande.

**Sak 7/13**  
**Orienteringssaker 22.2.2013**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Prosjekt lokalmedisinske senter: Rådmann Alf Olsen orienterte om status og vidare arbeid innan områda legevakt, intermediære senger, pasientforløp og fagnettverk. Prosjektplan er no vedteken og det er behov for at kommunane deltek med leiarar i delprosjekta.
2. Prosjekt «Flytt til Hardanger»: Dagleg leiar Leiv Vambheim, Hardangerrådet, orienterte om erfaringar frå prosjektet og arbeidet med å utvikla attraktive bukommunar.
3. Regional og lokal utvikling og vekst basert på fornybar energi. Eit EU prosjekt: Prosjektleiar Jøril Hovland, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane orienterte om sosialt entreprenørskap, aktuelle forretningsmodellar og korleis skapa vekst lokalt der ressursane er.
4. Reiselivsgruppa: Orientering om prosessen i samband med skipinga av Visit Sognefjord og tilsetjing av dagleg leiar.
5. Samferdslegruppa: Orientering om regional transportplan, nasjonal transportplan og FV 55. Det blir førebudd felles fråsegn til regional transportplan og eit møte med Statens vegvesen om nattferjer og stive avgangar.
6. Rådmannsgruppa:
  - Skogbrukskompetanse: Kommunane vurderer om det er interesse for å delta i ein felles skogbrukssjef og på det grunnlag avklara finansiering frå fylkesmannen.
  - System for styrka læring: Fagnettverka i barnehagane er starta opp. Medlemane i programstyret er utpeika. Rådet har fått kr 200 000 i FOU-midlar til psykisk

helse. Det er søkt om fornyingsmidlar til å vurdere alternative måtar å organisera pp-tenesta på.

- Overgrepsmottak: Rådmennene var kritiske til framgangsmåten i saka og drøfta om det er andre løysingar som er aktuelle.

#### 7. Administrasjonen

- Karrieremessa i Bergen 13. februar: Godt besøkt messe. 8 stilte på vår regionstand: Ordførar, næringsapparat og etablerarar. Neste messe er i Oslo måndag 6. mai. Dagen før 5. mai det eige arrangement på Youngstorget.

#### 8. Leiaren

- Aurland ressursutvikling og NSB er i tingingar om driftsavtalen for Flåmsbana.
- Det vert ordførarsamling 2.-3. april
- Høyanger kommune har kontakta leiaren i samband med at dei vurderer ev. innmelding i eit regionråd. Leiaren følgjer opp dette.

### **Skriv og meldingar**

1. Regionalt bygdeutviklingsmidlar – høyringssvar. Referert.
2. Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023. Referert.

Noralv Distad  
Leiar

Jan Geir Solheim

Jarle Aarvoll

Karina Nerland  
dagleg leiar